

**DET KONGELEGE  
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT**

Helse- og omsorgsdepartementet  
Postboks 8011 Dep  
0030 OSLO

Dykkar ref.  
14/2715

Vår ref.  
14/3794 - TJU

Dato  
16.09.2014


**Høyring - forslag til endringar i tannhelsetenestelova mv - tiltak for å unngå kryssubsidiering innanfor den fylkeskommunale tannhelsetenesta**


Vi viser til Helse- og omsorgsdepartementets brev 20. juni 2014 med vedlegg.

Justis- og beredskapsdepartementet har følgjande merknader:

Vi kan ikkje sjå at det er behov for ein eigen definisjonsparagraf i forskrifta om plikt til å føre åtskilte rekneskap m.m. for fylkeskommunale tannhelsetenester. Forskrifta er kort og dei omgrepa som er definerte i utkastet til § 4 blir berre brukte ein til to gonger. Ein definisjon av ordet «kryssubsidiering» kan eventuelt takast inn som eit andre punktum i § 1. Denne paragrafen kan då lyde slik i innleiinga: «*Formålet med forskriften er å bidra til å unngå kryssubsidiering. Med kryssubsidiering menes at...*», og så kan teksten frå utkastet til § 4 nr. 1 takast inn. Teksten i utkastet til § 4 nr. 2 kan takast inn i eit andre punktum i det som i utkastet er § 5 fyrste ledd.

Med vennleg helsing

  
Harald Aass  
fagdirektør

  
Toril Juul  
seniorrådgjevar